

A fjord in your future

Fartein Valen vs festival for ny nordisk kunstmusikk i Berlin. Ei skisse.

Det var i Berlin alt hendte for komponisten Fartein Valen (1887-1952) sin del. Det var her vendepunktet hans fann stad. Det var her revolusjonen starta: ei musikkhistoriske omvelting. Det var her Noregs mest nyskapande komponist fekk impulsen. Det var i Berlin han torde å bryte med den tradisjonelle harmonikken. Det var i Berlin (1909-1915) han fann sin heilt eigen musikalsk veg. Og denne vegen byrjer i Berlin og ender mange år seinare i ei vestnorsk fjordbygd: Valevåg i Bømlafjorden.

Mellom Berlin og Valevåg valde Valen å stogge ei rekke stadar: han opphaldt seg lenge både på dei Baleariske øyene og Italia. Reiser som syda av det sensuelle. Reiser som lot han få vere den han var: ein mann som lente seg mot det homoerotiske. Valen var innom så mykje og var open for det. Han tok med seg alt dette vidare på vegen mot Valevåg. Og det inspirerte hans store prosjekt: å frigjere musikken frå det tradisjonelle nasjonale tonale. Å gjere musikken fri og internasjonal.

Dette klarar han å gjennomføre trass mobbing, trakassering og uforstand heime i Noreg. Truleg hadde han styrke til å klare dette fordi fundamentet hans vart lagt i Berlin. Eit Berlin kor han kunne vere den han var - ein outsider - i ein storby fylt med andre outsiders. Fartein Valen fekk impulsar frå Berlin fylt med cabaretar, jazz og stor kunstmusikk. Eit Berlin prega av stor seksuell, kunstnarisk og andeleg fridom.

Utgangspunktet hans var stringent og konservativt. Han vart tatt opp eksklusivt i komponistlegenden Max Bruch sin komposisjonsklasse. Ei sjelden ære. For Fartein Valen vart dette eit mareritt. Musikkhøgskulen representerte ein skrekkeleg kontrast til fridomen ute i bygatene. Inne i parnasset dyrka professorane eit baktungt lukka skrekke regime. Der Königliche Musikhochschule var ein lukka institusjon blotta for nyfikenheit. Ein drepende plass for Valen å vere. Det var umogleg for han å utforske det ukjende der. Han droppa difor ut.

Han valde istaden å henge ut på det Kongelege statsbiblioteket på Unter den Linden - og dyrke dei utallige andre interessene sine - samstundes som han hørde enorme mengder musikk. Ved å droppe ut or musikkhøgskulen fekk han kraft og rom ikring seg til å forske ut sine heilt eigne vegar - og nyte alt Berlin hadde å by på i dei rike åra før 1920.

Han valde heller å omgje seg med det som inspirerte. Han byrja å dyrke sine djupaste interesser ved siden av kunsten: te, roser og kaktus. Tehusa i Berlin importerte på 1910talet dei aller finaste bladene frå det fjerne austen. Den kongelege rosehagen i Tiergarten vart som eit Nirvana for han. Og kanskje var det i botanisk hage i Dahlem han fekk sansen for kaktus. Om kveldane kunne han han gå i Philharmonien. Der og i Berlinerdomen kunne han høyre den aller finaste musikken. Og i bokhandlarane fekk han kjøpt den mest odde litteraturen. På denne måten kom han djupare og djupare inn i eit kunstnarisk univers omverda enno ikkje har blitt moden for. Eit univers som opna seg allereie i 1911 då han droppa ut or skolen i Berlin.

Moglege Valen-venues i Berlin

Kaktusavdelinga i Botanische Garten Dahlem

Kaktusavdelingen i Botanisk Hage er ein naturleg venue for Valeninspirert festival. Her kan det til dømes installerast lydinstallasjonar eller vere rom for performance. Det er også mogleg med opplesingar med relasjon til Valen eller kaktus eller begge delar. Valen var djupt oppteken av kaktusar heile livet - og utvikla etterkvart toppekspertise på desse plantane.

Berliner Dom og andre kyrkjer i Berlin

Valen hadde mange musikalske sider - og ei av dei var den kyrkjemusikalske. Han vaks opp med eit virrvarr av ulike former for religiøs musikk då han var liten: på den eine siden skikkeleg lutheransk salmesong og på den andre gassiske folketonar. Som misjonærborn på Madagascar utvikla han ein heilt unik affinitet for kyrkjemusikk. Dette tok han med seg heim til Noreg - og seinare til Berlin og Tyskland. Og i det tyske rommet kunne Valen kome nærare sin største hero - hans husgud- nemleg Johann Sebastian Bach. Valen reindyrka Bach. Med Bach i botn utvikla Valens eit veldig spirituelt og intrikat kyrkjemusikalsk uttrykk. Dette finn ein spor av allereie i studentverket Salme 121 - komponert i Berlin. Seinare finn ein desse magiske spora det han skreiv for orgel og kor. Fleire av Berlinkyrkjene bør difor vere åstad for ei Valenmarkering. Særleg kyrkjene med gode orgel - sånn som Sauerorgelet i Berliner Dom. Programmeringa i kyrkjene kan bestå både av Valen og nyare god kyrkjemusikk - og lesningar.

Vilde Renate og Bømlafergå (Den baleariske linken)

Mallorca og dei baleariske øyene var stadar som Valen søkte til etter han flytta frå Berlin. Eit av hans finaste symfoniske dikt er eit uendeleg melankolsk portett av nettopp Mallorca: La isla de las calmas. Dette verket bør vere ein naturleg del av eit symfonisk program i eit Valensetting i Berlin. Og nettopp den baleariske linken kan vere eit springbrett for klubbkveldar. Den balearisk-inspirerte norske musikken bør vere i sentrum her med artistar som t.d. Prins Thomas og Bjørn Torske. Dette er uttrykk som allereie har sterk fotfeste i Berlin - ein uventa del av eit Valenprogram. Venues for det baleariske programmet kan vere Panoarama Bar. Endå kulare er det om ein klarar å få ei ekte bømlaferge til Berlin. Den verneverdige motorferga Skånevik er intakt og klår for seilas. Den tøffa mange år i Bømlafjorden - i Farten Valen sin eigen fjord. Liknande ferger fraktar turistar bilar og partyfolk idag mellom dei baleariske øyene.

Berlinerfilharmonien og Brahms-koden

Valen bør bli framført i Berlinerfilharmonien. Det ville vere eit høgdepunkt i ei markering av Valen. Og det er mange årsakar til det: for det første hadde han mange store musikkopplevingar med nettopp dette orkesteret i deira hus. I Philharmonien kom han innpå den store romantiske orkestertradisjonen. Og særleg innpå Mendelsohn og Brahms. Særleg sistnemnde var særleg viktig for han - og er idag den verkelege tolkingsnøkkelen for Valens orkestermusikk. Skal ein kome inn på dei store orkesterverka til Valen bør ein ha Brahms i mente. Det perspektivet har ein først dei siste åra gjort litt med - i Noreg Diverre har symfoniane hans i nesten heile etterkrigstida vore maltraktert av andre aparte tolkingsnøklar. Brahms har ein gløymd

sjølv om det var ein kjend sak i Valen sitt tilfelle. Dette kan ein gjere noko med. Ein kan på langsiktig vis få gode orkester med Brahms som speciale til å framføre Valen. Ein kan få gode internasjonale dirigentar som er gode på Brahms til å ta tak i Valen. Eit mål burde vore å få den nye sjefsdirigenten i i Berlinerfilharmonie - - Kirill Petrenko til å ta tak i Valen. Han er kjend for sin store åtgåum for det romantiske repertoiret. I Berlinerfilharmonien er dette ikkje gjort over ei natt: det krevjer langsiktige dialog med orkesteret. Med andre ord eit prosjekt som kan ta lang tid - men i høgste grad noko som ville gjort noko for den beste nyare norsk kunstmusikken internasjonalt. Eit viktig prosjekt i Music Norways ramme tenker no eg.

Husorgelet i Philharmonie (& husorganisten)

Og ved siden av dette er Philharmonien også eit godt orgelrom. Det er eit feiande flott konsertorgel der - og ein strålende vill husorganist: punkeksentrikaren Cameron Carpenter. Ei eventuell Valenmarkering i Berlin burde fått Carpenter med på orgelkrakken. Det ville også fått Valen ut der han høyrer heime - ut i den store verda.

Den kongelege rosehagen i Tiergarten

Den kongelege rosehagen i Tiergarten er ein naturleg Valen-referanse i Berlin. Ein stad som kunne vore glitrande som arena i ei Valen-markering. Denne hagen var ein viktig stad for rose-vitaren Valen. Her fekk han djupe impulsar til roser han kom til å krysse fram i framtida. Rosehagen er idag også ein stad ein kunne ha satt opp ein større lydinstallasjon. Eit mogleg prosjekt er under utvikling, med Grutle Kjellson (Enslaved), Nils Økland og Stephen O'Malley (Sunn O))).

Fartein vs Ai sitt tehus (Museum für Asiatische Kunst)

Antakeleg blei Fartein Valen hekta på te i Berlin. I den tyske storbyen var det ei rekke tehus på tidleg nittenhundretal og ein stad med stor tekultur. Det hadde ein i langt mindre målestokk i Noreg på denne tida. Nettopp Valens tekultur gjorde seinare at han klarde å overleve i fjorden. Han fekk med jamne mellomrom sendingar av te til fjorden sin. Dette er ein fin kontrast i ei Valeninspirert festivalprogram: mellom den rustikke fjordverda og dei mange tehusa i Berlin. I ein festvalsetting kan ein eventuelt legge eit kammermusikkprogram til Museum für Asiatische Kunst: og spesifikt til rommet der Ai Weiwei sitt tehus står.

Preussische Staatsbibliothek Unter den Linden

Statsbiblioteket på Unter den Linden er ein annan naturleg Valen-venue i Berlin. Dt var her han søkte tilflukt då han droppa ut or Musikkhøyskulen. Ein stad perfekt for utstilling av Valen-objekt og manuskript. Ein idé kan vere å kontrastere Valenmanuskript med originalpartitur i Bibliotekets samling. Bygget er strålende nyoppussa og fylt med store lyssterke store rom. Eit samarbeide med manuskriptsamlinga på Nasjonalbiblioteket i Oslo?

Fartein Valen er ikkje berre Noregs største komponist ved siden av Grieg. Han har også ei side som endå færre veit om: han var ein formidabel prosaist. Ein strålande brevskrivar. Brev hans gjev eit unikt innblikk i ein personlegdom som var alt anna enn forsiktig og tilbaketrukket - slik mange ville ha han til å vere. Brev hans er ei gullgruve både når det gjeld språk og iderikdom. I tillegg til dei både underhaldande og morosame: dei er med andre ord verdt både å lese høgt og få utgitt i bokform. Og svært mange av breva er sendt frå Berlin - og har dermed ein ekstradimensjon for tyske lesarar. Skal ein få ut Valens kraft og rikdom til eit stort publikum bør breva også bli formidla - og ein uvanleg open og original personlegdom.